



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

Dykkar ref:	Vår ref.:	Arkivnr.:	Dato:
	2013/12146	433.52	19.12.2014

Oversending av klage på vedtak om lisensfelling av ulv til endeleg handsaming

Rovviltnemnda i region 1 hadde telefonmøte om denne saka 19.12.2014. I tillegg til Noralv Distad møtte Oddny Omdal og Marit Barsnes Krogsæter. Frå sekretariatet møtte Linn Borsheim.

Nemnda tek ikkje klagen frå Naturvernforbundet til følgje og gjev ikkje vedtaket oppsettande verknad. Klagen blir sendt over til Klima- og miljøverndepartementet for endeleg avgjerd.

Grunngjeving:

Nemnda syner til grunngjevinga for lisensfelling av ulv i vedtak av 21.11.2014, samt saksframstilling frå sekretariatet vedlagt og tek på bakgrunn av dette ikkje klagen til fylgje når det gjeld ulv.

Nemnda viser også til grunngjevinga for lisensfelling i vedtak av 21.11.2014 når det gjeld jerv. Nemnda viser til talet registrerte jerver inneverande år og vurderer det som sannsynleg at det totale talet på jerver som kan utgjere skadepotensiale i regionen er på 10 dyr. I tillegg til registreringane gjort i Sogn og Fjordane, er det dokumentert tap av sau til jerv i Vest-Agder, men det ligg ikkje føre DNA-registreringar frå Vest-Agder. Nemnda viser også til det aukande skadeomfanget på jerv i regionen og vil peike på at det ikkje skal vere skadegjerande rovdyr i regionen. I henhold til den vedtekne forvaltningsplanen opprettheld nemnda vedtak 21.11.2014 om lisensfelling av jerv.

Nemnda gir ikkje vedtaket oppsettjande verknad. Dersom det blir gitt oppsettande verknad vil det i praksis kunne gi ei sterk avgrensing i høvet til å gjennomføre lisensfellinga, med mindre Klima- og miljødepartementet handsamar klagen raskt.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralv Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralv.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Linn Borsheim, seniorrådgivar
Telefon: 51568924

Fmrolbo@fylkesmannen.no

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltnemnda

Vedlegg:

- Vedlegg 1: Klage frå Naturvernforbundet av 15.12.2014
- Vedlegg 2: Saksutgreiing frå sekretariatet
- Vedlegg 3: Vedtak om lisensfelling av ulv og jerv i region 1 i perioden 2014 – 2015 av 21.11.2014

Kopi til:

Naturvernforbundet i Vest-Agder

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM

Rovviltnemnda i region 1

Fylkesmannen i Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane